

NOTAT ETTER SYN FARING VALEDALLEN JULI 2015 (JFR. KAPITTEL 8 I HOVEDRAPPORT OG FOTO)

Postar i rekkefølge Valen – Vetledalsdammen

- 1. Den eldste røyrgata, nedre del.** Røyrgatetraseen er raudmerka i kommunedelplanen. Nedst var røyrgata gravd ned i bakken under dyrka mark med overdekning 0,2 – 0,5 meter. Røyrgata er klinka saman med lengder ca. 3 meter. Lenger oppe ligg røyrgata på steinmura fundament og betongfundament. Desse er delvis forvittra. Det var ikkje observert steinbrot i denne delen, så det har vore nytta overflatestein i fundamenta. Bølgjeblekkplater har vore nytta som glidesjikt under røyra på fundamenta. Ekspansjonsmuffer og mannhol for inspeksjon av røyra er intakt.
- 2. Linja til Valedalen, nedre del – og mast 20 kV-linje.** Denne linja kom i 1939 for fjernstyring av damluke frå kraftstasjon 2. Instrumentet heng no i kraftstasjon 3 på utstilling. 20 kV-linja sørger for innmating til sjukehuset frå 1960-talet, for å sikra meir stabilt nett på sjukehuset, m.a. når det var stopp eller redusert produksjon i kraftstasjon 2.
- 3. Trafo ved vegen for innmating til sjukehuset (frå 1960-talet).**
- 4. Den eldste røyrgata frå Bjørkedalsdammen med treoverbygg.** Det er no over 60 år sidan denne røyrgata vart fasa ut for kraftproduksjon (1956). Deler av røyrgata er kraftig rustangripen, spesielt der det ikkje har vore overdekning eller overbygg. I eit parti er røyrgata graven ned i samband med utbetring av fjellvegen og tømmertransport. Rester etter treoverbygg er framleis godt synleg.
- 5. Bjørkedalsdammen.** Frå 1970-talet overtok Kvinnherad kommune Bjørkedalsdammen og røyrgata som reservevasskjelde. I dag er det straum inn til lukehuset og målehuset for fjernmåling av vassnivået.
- 6. Steinbrot sør for Bjørkedalsdammen.** Det ligg restar av eit steinbrot og grunnmur for ei arbeids- og lagerbrakke (ca. 4 x 4 meter) rett sør for Bjørkedalsdammen. Dette steinbrotet vart truleg starta opp før 1910.
- 7. Kunstig kanal frå Stemmetølen.** Namnet kjem av at det her ein gong var ein støl ved stemmen, ein gamal mur for regulering av vatnet til sagbruk i Tverrelva. Alt på slutten av 1600-talet var det ein tvist om vassrettane i Valedalen i samband med sagbruk. I eventyret til

Asbjørnsen og Moe frå ca. 1860 «En vestlandsk skogsdal», heiter det: « Før den tidn Valedalen blev demmet opp og sagen sto ved den nordre elv ...». 1908 vart det gjort avtale om å byggja ein kunstig kanal til Bjørkedalsdammen. Denne vart fleire gonger graven og sprengt djupare for å hindra is og sikre jamnare vassføring.

8. Ventilhus Svartatjødno, med ny røyrbrotsventil.

9. Dam og damhus Svartatjødno. Damhuset er frå 1939 og hadde manuell stengeventil for å regulera vassmengda i røyret til stasjon 2. Her er òg målestasjon for å måla vassmenda i Svartatjødno. Dagens vannstandsmålar kom på 1990-talet. Her er òg ei antenne for kommunikasjon til kraftstasjonen og Valedalsdammen. Damhuset var bygd av forskalingsmaterialar, med over- og underliggarar. Huset vart kledd på nytt på 1990-talet. Det er laga ei rist/sil for å hindra at greiner og gjenstandar kjem inn i røyret. Her er både nytt og gamalt utstyr lagra for å reinska sila. Røyret var lagt på stein- og betongklossar. Her var ein trallebanestasjon/omlastingsstasjon som vart reiven for få år sidan (2012). Det gamle trerøyret i øvre delen var lettare å frakta ut i terrenget, men kravde meir vedlikehald og stramming av banda. No er det lagt nytt røyr (2008) i ny trasé i den øvre delen av røyrkata. Før dette gjekk vegen berre til Svartatjødno.

10. Hytte ved Svartatjødno. Dette var tidlegare ei anleggsbrakke fram til 1939. Under krigen vart det lagra mjølvarer her. Seinare vart hytta brukt av speidarar og Hytteforeningen ved sjukehuset, som fekk tinglyst bruksrett. Her var ein stor dugnad der pasientar også deltok rundt år 2000. Her er i dag 20 senger og plass til 20 ekstra på flatsenger og hems. Hytta kan leigast ved å kontakta sentralbordet på Valen sjukehus.

11. Elvdammen. Denne dammen vart forsterka med jarnboltar i fjellet og betong i 2008, og ny tappeluke. Påstøypt damfot i 2012. Her var storflaum i 2005, og vatnet sto ca. ein halv meter over golvet. Grovwaregrind i tre. Jordvoll dam i sør. Steinbrot nedanfor dammen. 400kV-master frå 1963-1965 i samband med kraftutbygginga i Matrefjella og Tokke.

12. Restar etter gamal anleggsbrakke (7x15 meter) ved stien til Valedalsdammen. Denne brakka var frå den første utbygginga i 1910. Ho var truleg bygd her på grunn av at det var flatt, lunt, ved stien, mykje skog rund (for byggematerialar og ved) og bekk like ved. Brakka

var bygd på lange stokkar lagt på hjørnesteinar. Det var eit provisorisk sagbruk i elva nedanfor. Etter planen skulle brakka demonterast og flyttast til Vetledalen i 1939. Men lageret av materialar vart liggande.

- 13. Sti til Valedalsdammen, med trinn.**
- 14. Linje med master til Valedalsdammen.** Flott utsyn nedover Valedalen og vestover. Linja vart bygd både for straumføring og telefon til Valedalsdammen.
- 15. Restar etter gamal taubane til Valedalsdammen.** Her finst framleis mange spor etter taubanen som gjekk i dalen, i same trasé som linja. Her finn vi mange boltar, stolpejern, taubanebukkar med forankringsjern og dogs, boltar og mutter til banen.
- 16. Restar etter gamal smie under Valedalsdammen.** Smia var viktig under bygginga av dammen, for å kvessa minebor og spett og smi verktøy. Her sto ein 70 kg ambolt på ein stubbe som vart boren ned i 1980. Her finst og restar av smikol. Like ved er svinghjul med oppheng og deler til taubanen.
- 17. Restar etter gamle steinbrot ved Valedalsdammen.** Steinbrotet er flytta oppover i flukt med dambygginga. Det er fire ulike steinbrot i dette området. Her finn vi to hjul til steinvagge og tre typar skinnegang. Nedanfor er fundament for nest siste mast for linja.
- 18. Dam med damhus Valedalsdammen.** Både tappeluka (den grovaste) og reguleringsluka er heilt i botn. Motor til reguleringsluka vart skifta i februar 2015, og er fjernstyrt.
- 19. Overløpsdam Valedalsdammen.** På innsida av noverande dam skimtar vi ein lågare dam som vart bygd for å sikra damanlegget under bygging. Dammen har vore heva fleire gonger sidan 1910, og det finn vi spor av. Overløpsdammen vart påført sprøytebetong i år 2000 på grunn av lekkasjar. Like ved finn vi avslutninga av taubanen, med svinghjul, endehjul og endebolt i fjellet (diameter 30 mm). Dammen blir trappa inn og blir smalare mot sør, der det er grunnare.
- 20. Hytte (tidlegare anleggsbrakke) og naust ved Valedalsdammen.** I naustet var det ein færing for å dra sandprammen og frakta mat og utstyr frå endestasjonen for taubanen.
- 21. Ingeniørhytta Valedalen.**

- 22. Sandtak ved Valedalsdammen.** Her vart sand skilt ut med vatn frå bekken og frakta med ein pram som var flat i botn til støyping på dammen. Denne var ca. 2,5 meter brei og 5 meter lang.
- 23. Kraftig furuskog i Valedalen.**
- 24. Anleggsti til Vetledalen.**
- 25. Verkstadbu Vetledalen.** Denne bua vart reist under anleggstida på 1960-talet, då tappetunnellen vart sprengt.
- 26. Tunnel Vetledalen.** Tunnelen er ca. 150 meter lang, og ca. 15 til betongproppen. Ventil vart skifta på 1970-talet.
- 27. Vetledalsdammen med gammalt lukespel.** Vest for steindammen er ein handmura kanal på ca. 40 meter for å lede vatnet frå luka til elva.
- 28. Restar anleggsbrakke og steinbrot sør for Vetledalsdammen.** Sør for dammen finn vi restar etter steinbrot, med restar etter steinbukk og restar etter grunnmur for anleggsbrakke (7,5 x 4 meter) og arbeidsbrakke frå første anleggstida.
- 29. Restar brakke nord-vest for tunnel Vetledalsdammen.**